

## EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSAVGJERD nr. 940/2011/EU

2016/EØS/54/48

av 14. september 2011

## om Det europeiske året for aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane (2012) (\*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 153 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>(1)</sup>,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den ordinære regelverksprosessen<sup>(2)</sup> og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av artikkel 147 nr. 1 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen (TVEU) skal Unionen medverke til eit høgt sysselsetjingsnivå ved å oppmuntre til samarbeid mellom medlemsstatane og ved å støtte og om naudsynt utfylle tiltaka deira.
- 2) I medhald av artikkel 153 nr. 1 i TVEU skal Unionen støtte og utfylle tiltaka til medlemsstatane med omsyn til arbeidsvilkår, integrering av personar som står utanfor arbeidsmarknaden og motkjemping av sosial utstøying.
- 3) I medhald av artikkel 3 nr. 3 i traktaten om Den europeiske unionen skal Unionen mellom anna motkjempe sosial utstøying og skilnadshandsaming og fremje sosial rettferd og tryggleik, likestilling mellom kvinner og menn og solidaritet mellom generasjonane.
- 4) I artikkel 174 i TVEU er det sannkjent at visse regionar i Unionen har alvorlege og permanente demografiske ulemper som kan ha negative følgjer for utviklingsnivået deira, og som krev særleg merksemd dersom Unionen skal nå målet om økonomisk, sosial og territorial utjamning.
- 5) I medhald av artikkel 25 i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar sannkjenner og respekterer Unionen den retten dei eldre har til å leve eit verdig og sjølvstendig liv og til å ta del i det sosiale og kulturelle livet.
- 6) Det faktum at det vert stadig fleire eldre er utan tvil ei utfordring for heile samfunnet og for alle generasjonar i Europa, men det handlar òg om solidaritet mellom generasjonane og rolla til familien.
- 7) Den delen av folkesetnaden i Unionen som omfattar personar i slutten av femtiåra og eldre, vil auke mykje raskare enn før. Dette er svært positivt ettersom det er ein logisk konsekvens av betre helse og høgare livskvalitet. Som følge av denne demografiske endringa står Unionen likevel overfor ei rekkje utfordringar.
- 8) Det europeiske rådet har på fleire møte slått fast at det er naudsynt å handtere følgjene det får for dei europeiske samfunnsmodellane at det vert stadig fleire eldre. Eit viktig svar på den raske endringa i aldersstrukturen er å arbeide for ein kultur der det å vere aktiv er ein prosess som varer heile livet, og sikre at den snøgtveksande gruppa av personar som no er i slutten av femtiåra og eldre, som jamt over er friskare og betre utdanna enn denne aldersgruppa har vore nokon gong tidlegare, har gode høve til sysselsetjing og aktiv deltaking i det sosiale livet og familielivet, mellom anna gjennom frivillig arbeid, livslang læring, kulturuttrykk og idrett.
- 9) Aktiv aldring inneber ifølgje Verdhelseorganisasjonen at vilkåra for helse, deltaking og tryggleik vert gjorde best mogleg med sikte på å betre livskvaliteten til denne gruppa. Gjennom å vere aktive kan denne gruppa oppnå fysisk,

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 246 av 23.9.2011, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 122/2012 av 15. juni 2012 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 4.10.2012, s. 48.

(<sup>1</sup>) TEU C 51 av 17.2.2011, s. 55.

(<sup>2</sup>) Haldning frå Europaparlamentet av 7. juli 2011 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 19. juli 2011.

- sosial og mental velferd livet ut og ta del i samfunnet, samstundes som dei får det vernet, den tryggleiken og den omsorga som dei har behov for. Fremjing av aktiv aldring krev difor ein fleirdimensjonal strategi, ei kjensle av tilhørslse og langsiktig støtte på tvers av generasjonane.
- 10) Det europeiske året for aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane (2012) bør byggje på arven etter Det europeiske året for motkjemping av fattigdom og sosial utstøying (2010) og Det europeiske året for volontørverksemd til fremjing av aktivt borgarskap (2011), og samverknaden mellom desse europeiske åra og Det europeiske året for aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane (2012) («Det europeiske året»), bør difor fremjast.
  - 11) Det aukande talet på eldre i Europa og auken i kroniske helseplager gjer det viktigare enn nokon gong å fremje helse for alle, men særleg for eldre, gjennom å leggje til rette for at dei kan leve vitale og verdige liv mellom anna ved å syte for at dei har tilgang til høvelege helsetenester av høg kvalitet, langtidspleie og sosialtenester, og ved å utvikle initiativ for å førebyggje helseisrisikoar knytte til det å verte eldre. Med sunn aldring kan dei eldre i større grad ta del på arbeidsmarknaden, vere aktive i samfunnet lenger, betre livskvaliteten sin og minske presset på helse- og sosialområdet og pensjonssystema.
  - 12) Kommisjonen la fram synspunkta sine på dei demografiske utfordringane som Unionen står overfor, og på korleis desse utfordringane kan taklast, i meldingane «Den demografiske framtida til Europa – ei utfordring, men òg ein føremon» av 12. oktober 2006, «Fremjing av solidaritet mellom generasjonane» av 10. mai 2007 og «Handsaming av verknadene av ein folkesetnad med stadig fleire eldre i EU (rapport om auken i talet på eldre 2009)» av 29. april 2009.
  - 13) Mangfaldet blant eldre generasjonar i Europa vil halde fram med å auke. Like høve og oppmuntring til deltaking må difor fremjast aktivt. Aktive borgarar med ulik bakgrunn har viktige roller som brubyggjarar i samfunnet og medverkar positivt til integreringa og økonomien.
  - 14) Rådet og representantane frå styresmaktene i medlemsstatane, samla i Rådet, vedtok 22. februar 2007 ein resolusjon om «Føremoner og utfordringar ved demografiske endringar i Europa: korleis dei eldre medverkar til den økonomiske og sosiale utviklinga» der det vart streka under både behovet for å gjere det enklare for eldre å ta aktivt del i samfunnet, òg gjennom frivillig arbeid, og dei nye økonomiske føremonene («seniorøkonomien») som oppstår når etterspurnaden etter visse varer og tenester aukar blant dei eldre, og dessutan kor viktig det er at ålmenta har ei positiv innstilling til denne gruppa.
  - 15) I konklusjonane som Rådet vedtok 8. juni 2009 om «Like høve for kvinner og menn: aktiv og verdig aldring», vart det sannkjent at overalt i Unionen møter eldre kvinner og menn store utfordringar knytte til det å ville leve eit aktivt og verdig liv etter kvart som dei vert eldre, og Rådet la fram ei rekkje tiltak for medlemsstatane og Kommisjonen, mellom anna fremjing av ein politikk for aktiv aldring, samstundes som det vart teke omsyn til dei ulike tilhøva i alle medlemsstatane og til dei ulike utfordringane som kvinner og menn står overfor.
  - 16) Rådet vedtok 30. november 2009 konklusjonar om «Sunn og verdig aldring» og oppmoda Kommisjonen mellom anna om å «utvikle haldningsskapande tiltak, medrekna eit eventuelt europeisk år i 2012 for aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane».
  - 17) I kommisjonsmeldinga «Europa 2020 – ein strategi for intelligent og berekraftig vekst for alle» av 3. mars 2010 vart det streka under kor viktig det er at Unionen fremjar sunn og aktiv aldring i folkesetnaden, av omsyn til sosial utjamning og høgare produktivitet. Som ein del av Europa 2020-strategien vedtok Kommisjonen 23. november 2010 eit flaggskipinitiativ kalla «Ein strategi for nye kvalifikasjonar og arbeidsplassar: ein europeisk innsats for full sysselsetjing», som skal vere ramma rundt medlemsstatane si fremjing av ein politikk for aktiv aldring. Den 16. desember 2010 vedtok Kommisjonen òg flaggskipinitiativet «Ei europeisk plattform mot fattigdom og sosial utstøying: ei europeisk ramme for sosial og territorial utjamning». For å nå desse politiske måla må styresmakter og ulike ikkje-statlege aktørar på alle nivå gjere ein innsats, og desse måla kan støttast på unionsplan gjennom tiltak som tek sikte på å auke medvitet og fremje utveksling av god praksis, i Det europeiske året. Nasjonale koordinatorar bør syte for at dei nasjonale tiltaka vert koordinerte og er i samsvar med måla for Det europeiske året. Deltaking av andre institusjonar og aktørar bør òg planleggjast.
  - 18) Rådet vedtok 7. juni 2010 konklusjonar om «aktiv aldring» og oppmoda Kommisjonen om å «halde fram med førebuinga av 2012 som det europeiske året for aktiv aldring, eit år der det vert sett fokus på føremonene med aktiv aldring og korleis det medverkar til solidaritet mellom generasjonane, og der lovande initiativ til støtte for aktiv aldring på alle plan vert gjorde kjende for ålmenta».
  - 19) Europaparlamentet vedtok 11. november 2010 ein resolusjon kalla «Den demografiske utfordringa og solidaritet mellom generasjonane» der medlemsstatane

vart oppmoda om å gjere aktiv aldring til eit prioritert område dei komande åra. I resolusjonen vart det òg streka under at fokuset i Det europeiske året bør vere på korleis dei eldre er med på å dra lasset i samfunnet, og det bør oppmuntrast til solidaritet, samarbeid og forståing mellom generasjonane, og til at unge og eldre kan arbeide saman.

20) Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet har i fråsegnene sine òg streka under kor viktig aktiv aldring er for Europa ved å trekke fram mellom anna verdien av helsetenester på tvers av generasjonane.

21) I rådsavgjerd 2010/707/EU av 21. oktober 2010 om retningslinjer for sysselsetjingspolitikken i medlemsstatane<sup>(1)</sup> vert medlemsstatane, i medhald av retningslinjene 7 og 8, oppmoda om å auke deltakinga på arbeidsmarknaden gjennom ein politikk som fremjar aktiv aldring, auke sysselsetjinga blant eldre arbeidstakarar gjennom nye måtar å organisere arbeidet på og styrkje høvet til sysselsetjing for eldre arbeidstakarar gjennom utvikling av kompetanse og deltaking i ordningar for livslang læring. I retningslinje 10 vert det lagt vekt på behovet for å betre dei sosiale tryggleiksordningane, livslang læring og ein aktiv integreringspolitikk, slik at alle får høve til å medverke på ulike stadium i livet, får vern mot risikoen for fattigdom og sosial utstøying og kan ta meir aktivt del i samfunnet.

22) I meldinga «Ein digital dagsorden for Europa», det første flaggskipinitiativet for Europa 2020, som vart vedteken 19. mai 2010, streka Kommisjonen under kor viktige program og tenester innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er for å gje dei eldre god livskvalitet, og gjorde særleg framlegg om å styrkje fellesprogrammet for IKT-støtte i heimen (Ambient Assisted Living, AAL). I meldinga om den digitale dagsordenen for Europa vart òg samordna tiltak tilrådd for å auke den digitale kompetansen til alle europearar, medrekna dei eldre, ei gruppe som er overrepresentert blant dei 150 millionar borgarane, eller om lag 30 % av det samla talet på borgarar, som aldri har nytta Internett. Enklare tilgang til og opplæring i bruk av ny teknologi vil føre til at dei eldre står sterkare.

23) I samband med Europa 2020-strategien har Kommisjonen gjort framlegg om å innføre eit nyskapingspartnerskap for aktiv og sunn aldring (AHAIP) innanfor ramma av flaggskipinitiativet «Nyskaping i Unionen». Gjennom nyskapingspartnerskapet skal det leggjast til rette for at borgarane skal klare seg sjølve og halde seg friske lenger, og for at gjennomsnittstalet for leveår med god helse vert auka med to år innan 2020.

24) Kommisjonen er i gang med å gjennomføre ein europeisk strategi for funksjonshemma personar 2010–2020, som på grunnlag av den samanhengen som ofte finst mellom funksjonshemming og alderdom, omfattar tiltak retta mot dei eldre. Det er særleg viktig med tiltak som utifrå ein tankegang om universell utforming, gjev betre tilgang. Tiltak som gjer det mogleg for dei eldre å leve sjølvstendige liv og verte inkluderte i samfunnet, er òg viktige, mellom anna tiltak som er retta mot eldre med funksjonshemming som treng omfattande hjelp, som har samansette behov, og som er særleg sårbare og risikerer sosial utstøying. Vidare har Unionen og alle medlemsstatane underteikna konvensjonen til Dei sameinte nasjonane om rettane til personar med funksjonshemming, som inneheld mellom anna føresegner som er retta mot dei eldre.

25) Den europeiske dagen for solidaritet mellom generasjonane vert feira 29. april kvart år. Det er eit godt høve for Unionen til nok ein gong å ta ansvar for at solidariteten og samarbeidet mellom generasjonane vert styrkte for å fremje eit rettferdig og berekraftig samfunn.

26) I denne avgjerda er det fastsett ei finansiell ramme som utgjer det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta, slik det er definert i nr. 37 i den tverrinstitusjonelle avtala av 17. mai 2006 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjett disiplin og god økonomistyring<sup>(2)</sup>.

27) Mange av fonda, programma og handlingsplanane i Unionen omfattar tiltak for aktiv aldring, til dømes Det europeiske sosialfondet<sup>(3)</sup>, Det europeiske fondet for regionutvikling<sup>(4)</sup>, Progress-programmet<sup>(5)</sup>, programmet for livslang læring<sup>(6)</sup>, særleg Grundtvig-programmet, helseprogrammet<sup>(7)</sup>, dei særskilde programma for IKT og for samfunnsvitenskap og humaniora i det sjuande rammeprogrammet for forskning og utvikling<sup>(8)</sup>, handlingsplanen om «god livskvalitet for eldre i informasjonssamfunnet», fellesprogrammet for IKT-

<sup>(2)</sup> TEU C 139 av 14.6.2006, s. 1.

<sup>(3)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1081/2006 av 5. juli 2006 om Det europeiske sosialfondet (TEU L 210 av 31.7.2006, s. 12).

<sup>(4)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1080/2006 av 5. juli 2006 om Det europeiske fondet for regionutvikling (TEU L 210 av 31.7.2006, s. 1).

<sup>(5)</sup> Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1672/2006/EF av 24. oktober 2006 om skiping av eit fellesskapsprogram for sysselsetjing og sosial solidaritet - Progress (TEU L 315 av 15.11.2006, s. 1).

<sup>(6)</sup> Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/2006/EF av 15. november 2006 om skiping av eit handlingsprogram på området livslang læring (TEU L 327 av 24.11.2006, s. 45).

<sup>(7)</sup> Europaparlaments- og rådsbeslutning 1350/2007/EF av 23. oktober 2007 om opprettelse av Fellesskapets andre handlingsprogram på området helse (2008-2013) (TEU L 301 av 20.11.2007, s. 3).

<sup>(8)</sup> Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1982/2006/EF av 18. desember 2006 om Det europeiske fellesskaps sjuende rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjon (2007-2013) (TEU L 412 av 30.12.2006, s. 1).

<sup>(1)</sup> TEU L 308 av 24.11.2010, s. 46.

støtte i heimen (AAL)<sup>(1)</sup>, rammeprogrammet for konkurransevne og nyskaping<sup>(2)</sup> med forsøksprosjekt om bruk av IKT for å gje eldre god livskvalitet, det førebuande tiltaket Calypso om turisme av sosial karakter og handlingsplanen om mobilitet i byområde.

- 28) For å sikre at mange ulike organisasjonar tek del, bør det så langt det er mogleg leggjast til rette for gjennomføring av mindre tilskipingar og arrangement i løpet av Det europeiske året.
- 29) Relevante nettverk på unionsplan bør oppmuntrast til deltaking i Det europeiske året og støttast med tilstrekkelege ressursar.
- 30) Ettersom måla for Det europeiske året ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane fordi det trengst tverrnasjonal informasjonsutveksling og spreiring av god praksis i heile Unionen, og difor på grunn av omfanget av tiltaket betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet, slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne avgjerda lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla —

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### Artikkel 1

##### Føremål

Året 2012 skal vere det «Det europeiske året for aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane» («Det europeiske året»). Det skal fremje vitalitet og verdige liv for alle.

#### Artikkel 2

##### Mål

Det overordna målet for Det europeiske året er å leggje til rette for ein kultur for aktiv aldring i Europa bygd på eit samfunn for alle aldersgrupper. Innanfor denne ramma skal Det europeiske året oppmuntre og støtte innsatsen til medlemsstatane, dei regionale og lokale styresmaktene deira, partane i arbeidslivet, det sivile samfunnet og næringslivet, medrekna små og mellomstore føretak, for å fremje aktiv aldring og gjere meir for å styrkje potensialet til denne snøgtveksande gruppa i folkesetnaden som er i slutten av femtiåra og eldre. Det europeiske året skal dermed fremje solidaritet og samarbeid mellom generasjonane, samstundes som det vert teke omsyn til mangfald og likestilling mellom kvinner og menn. Fremjing

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 742/2008/EF av 9. juli 2008 om deltaking for Fellesskapet i eit forskings- og utviklingsprogram som fleire medlemsstatar har innført for å betre livskvaliteten til eldre gjennom bruk av ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi (TEU L 201 av 30.7.2008, s. 49).

<sup>(2)</sup> Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1639/2006/EF av 24. oktober 2006 om opprettelse av et rammeprogram for konkurransevne og nyskaping (2007- 2013) (TEU L 310 av 9.11.2006, s. 15).

av aktiv aldring inneber å betre tilhøva slik at eldre kvinner og menn kan delta på arbeidsmarknaden, å motkjempe fattigdom, særleg blant kvinner, og sosial utstøying, å fremje frivillig arbeid og aktiv deltaking i familielivet og samfunnet, og å oppmuntre til eit sunt og verdig liv for eldre. Dette omfattar mellom anna tilpassing av arbeidsvilkåra, motkjemping av negative aldersstereotypiar og skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, betring av helse og tryggleik på arbeidsplassen, tilpassing av systema for livslang læring etter behova til ein arbeidsstyrke der fleire vert eldre, og sikring av at ordningane for sosial tryggleik er tilstrekkelege og stimulerer på rett måte.

På grunnlag av nr. 1 skal måla for Det europeiske året vere:

- a) å gjere verdien av aktiv aldring og dei ulike dimensjonane knytte til dette, betre kjende, og sikre at dette får ein sentral plass på den politiske dagsordenen til aktørar på alle plan for å setje fokus på korleis dei eldre gjer ein nyttig innsats både for samfunnet og økonomien og auke verdsetjinga av denne innsatsen, fremje aktiv aldring, solidaritet mellom generasjonane og vitalitet og verdige liv for alle, og gjere meir for å styrkje potensialet til dei eldre, utan omsyn til opphavet deira, og gjere det mogleg for dei å klare seg sjølve,
- b) å stimulere til ordskifte, utveksle informasjon og utvikle ymsesidig læring mellom medlemsstatar og aktørar på alle plan for å fremje ein politikk for aktiv aldring, kartlegge og spreie god praksis og oppmuntre til samarbeid og samverknad,
- c) å skape ei ramme for engasjement og konkrete tiltak som gjer det mogleg for Unionen, medlemsstatane og aktørar på alle plan, med deltaking frå det sivile samfunnet, partane i arbeidslivet og verksemdar, og med særleg vekt på fremjing av informasjonsstrategiar, å utvikle nyskapande løysingar, politikk og langsiktige strategiar, medrekna omfattande strategiar for handtering, gjennom særskilde tiltak, av aldersspørsmålet i samband med sysselsetjing og arbeid, og å arbeide for å nå særskilde mål i samband med aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane,
- d) å fremje tiltak som vil medverke til å motkjempe skilnadshandsaming på grunnlag av alder, overvinne aldersstereotypiar og fjerne hindringar, særleg når det gjeld høvet til sysselsetjing.

#### Artikkel 3

##### Innhald i tiltaka

1. Dei tiltaka som skal gjerast for å nå dei måla som er fastsette i artikkel 2, skal omfatte følgjande tiltak på unionsplan, nasjonalt plan, regionalt plan eller lokalt plan:

- a) konferansar, tilskipingar og initiativ med aktiv deltaking frå alle relevante aktørar for å fremje ordskiftet, auke medvitet og oppmuntre til engasjement for særskilde mål som har omfattande og varige verknader,

- b) opplysnings-, reklame- og undervisningskampanjar gjennom bruk av multimedium,
- c) utveksling av informasjon, røynsler og god praksis ved å nytte mellom anna den opne samordningsmetoden og nettverk av aktørar som arbeider for å nå måla for Det europeiske året,
- d) forskning og undersøkingar på unionsplan, nasjonalt plan eller regionalt plan med spreing av resultatata, og med vekt på den økonomiske og sosiale verknaden av å fremje aktiv aldring og å føre ein politikk som er i tråd med dette,

2. Ved gjennomføringa av dei tiltaka som er nemnde i nr. 1, skal det leggjast vekt på å få alle generasjonane med for å nå måla for Det europeiske året, særleg ved å nytte ei inkluderande tilnærming og oppmuntre unge og eldre til å ta del i felles initiativ.

3. Kommisjonen eller medlemsstatane kan fastsetje andre tiltak som er i tråd med måla for Det europeiske året, og kan tillate at namnet Det europeiske året vert nytta for å fremje desse aktivitetane såframt dei medverkar til at dei måla som er fastsette i artikkel 2, vert nådde.

4. Kommisjonen og medlemsstatane skal ta omsyn til integrering av likestillingsaspektet i alle tiltaka sine i samband med gjennomføringa av Det europeiske året.

5. Kommisjonen skal ta omsyn til korleis tiltak over landegrensene, på regionalt eller lokalt plan, kan medverke til at dei måla som er fastsette i artikkel 2, vert nådde.

6. Det skal gjerast ein innsats for å sikre at alle tiltak som er retta mot ålmenta i samband med Det europeiske året, er lett tilgjengelege for alle, medrekna personar med funksjonshemming.

#### *Artikkel 4*

##### **Samordning med medlemsstatane**

1. Kvar medlemsstat skal peike ut ein nasjonal koordinator som skal vere ansvarleg for å organisere deltakinga til medlemsstaten i Det europeiske året, og melde frå til Kommisjonen om utpeikinga.
2. Dei nasjonale koordinatorane skal òg syte for tilstrekkeleg samordning av nasjonale tiltak i Det europeiske året og kan i denne samanhengen òg fremje og lette gjennomføringa av lokale og regionale tiltak. Dei nasjonale koordinatorane skal i tillegg syte for at alle relevante aktørar, medrekna det sivile samfunnet, tek del i tiltaka som er knytte til Det europeiske året.

3. Kvar medlemsstat vert oppmoda om å melde frå til Kommisjonen innan 25. november 2011 om arbeidsprogrammet sitt, som skal innehalde nærmare opplysningar om dei nasjonale tiltaka som er planlagde i samband med Det europeiske året.

#### *Artikkel 5*

##### **Deltakarstatar**

Det europeiske året skal vere ope for deltaking for:

- a) medlemsstatar,
- b) kandidatstatar,
- c) statane på Vest-Balkan og
- d) statar i Det europeiske frihandelssambandet som er part i avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet.

#### *Artikkel 6*

##### **Samordning på unionsplan**

1. Kommisjonen skal gjennomføre Det europeiske året på unionsplan.
2. Kommisjonen skal kalle dei nasjonale koordinatorane inn til møte for å samordne dei tiltaka på unionsplan som er knytte til Det europeiske året, og utveksle informasjon og kunnskap, mellom anna om eventuelle plikter og korleis dei vert gjennomførte i medlemsstatane.
3. Kommisjonen skal lette og støtte tiltaka som er knytte til Det europeiske året på nasjonalt, regionalt og lokalt plan, mellom anna ved å gjere framlegg om nye måtar og nye verktøy for å nå måla for Det europeiske året dersom det er naudsynt, og for korleis dei skal vurderast.
4. Samordning av dei tiltaka som er knytte til Det europeiske året på unionsplan, skal òg vere ei oppgåve for dei eksisterande politiske utvala og rådgjevande gruppene.
5. Kommisjonen skal òg kalle representantane for europeiske organisasjonar eller organ som arbeider med spørsmål knytte til aktiv aldring, inn til møte, slik at dei kan medverke til gjennomføringa av Det europeiske året.
6. Temaet for Det europeiske året skal prioriterast i kommunikasjonsverksemda til dei representasjonane som Kommisjonen har i medlemsstatane, og i arbeidsprogramma til dei relevante sentrale nettverka på unionsplan som mottek støtte til driftskostnadene sine over det allmenne budsjettet til Unionen.
7. Europaparlamentet, medlemsstatane, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet skal ta del i dei tiltaka som er knytte til Det europeiske året.

*Artikkel 7***Økonomisk og ikkje-økonomisk støtte**

1. Dei tiltaka som er nemnde i artikkel 3 nr. 1 som vert gjennomførte på unionsplan, kan gje høve til avtaler om offentlege innkjøp eller tildeling av tilskot som vert finansierte over det allmenne budsjettet til Unionen.
2. Det europeiske året kan eventuelt styrkjast gjennom program og politikk på område som medverkar til fremjing av aktiv aldring, til dømes sysselsetjing, sosiale spørsmål og like høve, utdanning og kultur, helse, forskning, informasjonssamfunnet, regionalpolitikk og transportpolitikk, i samsvar med gjeldande reglar og innanfor dei eksisterande rammene for fastsetjing av prioriteringar.
3. Unionen kan gje ikkje-økonomisk støtte til tiltak som offentlege og private organisasjonar har sett i verk i samsvar med artikkel 3 nr. 3.

*Artikkel 8***Budsjett**

1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av denne avgjerda på unionsplan, særleg med omsyn til dei tiltaka som er fastsette i artikkel 3 nr. 1, er 5 000 000 euro for tidsrommet 1. januar 2011 til 31. desember 2012.
2. Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

*Artikkel 9***Samanheng**

Kommisjonen skal saman med medlemsstatane syte for at det er samanheng mellom dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, og andre ordningar og initiativ på unionsplan, nasjonalt plan og regionalt plan, som medverkar til at måla for Det europeiske året vert nådde.

*Artikkel 10***Internasjonalt samarbeid**

Innanfor ramma av Det europeiske året kan Kommisjonen samarbeide med relevante internasjonale organisasjonar, særleg

Dei sameinte nasjonane og Europarådet, og på den måten synleggjere innsatsen til Unionen for å fremje aktiv aldring.

*Artikkel 11***Evaluering**

1. Kommisjonen skal innan 30. juni 2014 leggje fram for Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet ein rapport om den samla vurderinga av dei initiativa som er fastsette i denne avgjerda, med nærmare opplysningar om gjennomføring og resultat, som skal vere eit grunnlag for politikk, tiltak og verksemd i Unionen i framtida.
2. Rapporten som er nemnd i nr. 1, skal òg innehalde opplysningar om korleis likestilling mellom kvinner og menn er vorte integrert i tiltaka som er knytte til Det europeiske året og korleis tilgangen til desse tiltaka er sikra for personar med funksjonshemming.
3. I rapporten som er nemnd i nr. 1, skal det òg strekast under korleis Det europeiske året har oppnådd varige verknader med omsyn til fremjing av aktiv aldring i heile Unionen.

*Artikkel 12***Iverksetjing**

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 13***Adressatar**

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg, 14. september 2011.

*For Europaparlamentet*

J. BUZEK

*President*

*For Rådet*

M. DOWGIELEWICZ

*Formann*